



SYKKYLVEN



# LANDBRUKSPLAN FOR SYKKYLVEN

## 2023- 2031

Vedteke i kommunestyret 06.11.2023 (KST - 83/23).



## Innholdsliste

INNLEIING.....	2
Bakgrunn for planarbeidet .....	2
Planprosess og organisering .....	2
Overordna føringar.....	3
Regionale føringar .....	4
Kommunale landbruksoppgåver .....	5
UTVIKLINGSTREKK FOR LANDBRUKET I SYKKYLVEN.....	7
Naturgrunnlaget.....	7
Bruksstruktur .....	8
Husdyrhald .....	8
Bruk av utmarksbeite .....	10
Økologisk landbruk .....	11
Bygdenæringar .....	12
Gartneri .....	12
Verdiskaping og sysselsetting .....	13
Skogbruk.....	14
Vilt.....	16
Fiske .....	16
VISJON OG MÅL.....	18
SWOT- analyse.....	18
SATSINGSOMRÅDE .....	19
Jordvern .....	19
Husdyrproduksjon.....	19
Rekruttering.....	21
Utmarksbeite .....	22
Lokal mat og bygdenæringar .....	23
Miljø og klima .....	24
Skogbruk.....	25





## INNLEIING

### Bakgrunn for planarbeidet

Landbruket i Sykkylven er ei viktig næring som i tillegg til eigen verdiskaping også legg til rette for sysselsetting i andre sektorar som t.d. matvare-, transport- og leverandørindustrien, samt reiselivsbransjen.

Landbruket forvaltar store arealressursar og skapar betydelege samfunnsmessige verdiar gjennom kulturlandskapspleie, produksjon av mat, busetjing og aktive bygdemiljø. I tillegg spelar landbruket ein viktig rolle i det grønne skiftet.

Føremålet med landbruksplanen er å styrke landbruket sin plass og rolle i den kommunale planlegginga, samt å setje landbruket sine interesser i eit samfunnsmessig perspektiv.

Planen skal avdekke styrkar og svakheiter i landbruksnæringa og forvaltinga lokalt, for å utvikle eit meir robust og tilpassingsdyktig landbruk. Planen skal vidare fange opp idear og tiltak som kan gje landbruksnæringa best mogleg utvikling innanfor rammene staten sett.

### Planprosess og organisering

Vedtak om oppstart av ny landbruksplan vart gjort i Nærings- og utviklingsutvalet (NU) 25.01.2021. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå landbruksnæringa (Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Sau og Geit og Skogbrukarlaget), politisk utval (NU) og kommuneadministrasjonen. For å sikre brei medverknad i planprosessen vart det i tillegg gjennomført folkemøte og digital spørjeundersøking.

Landbruksplanen for Sykkylven har status som temaplan og skal rullerast kvart 8. år. Planen består av ein statusdel, ein handlingsplan med konkrete målsetjingar og tiltak, samt ein jordvernstrategi. Tiltaksdelen bør vurderast kvart 4. år eller reviderast ved behov.

Arbeidet med landbruksplanen vart bygd på følgjande premisser:

- Landbruksplanen skal forankrast i nasjonale og regionale målsetjingar og retningslinjer.
- Lokale landbruksorganisasjonar skal involverast i prosessen.
- Landbruksplanen skal synleggjere landbruket sin betydning for kommunen og samfunnet elles.
- Landbruksplanen skal vere retningsgjevande for kommunal sakshandsaming.
- Landbruksplanen skal bidra til å oppretthalde og styrke næringsgrunnlaget for landbruket i kommunen.

## Overordna føringar

FN har utvikla 17 berekraftsmål for å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2019- 2023) vert det vist til at Regjeringa har bestemt at FN sine berekraftsmål, som Noreg har forplikta seg til, skal vere eit politisk hovudfokus for å ta tak i vår tids største utfordringar. Det vert forventa at kommunar legg FN sine berekraftsmål til grunn for all samfunns- og arealplanlegging.

Måten vi forvaltar våre naturressursar på kan påverke FN sine berekraftsmål. Følgjande mål har relevans for landbruket i kommunen:

**MÅL 2** - Utrydde svolt, oppnå matsikkerheit og betre ernæring, fremje berekraftig landbruk.

**MÅL 9** - Bygge robust infrastruktur, fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og bidra til innovasjon.

**MÅL 12** - Sikre berekraftige produksjons- og forbruksmønstre.

**MÅL 13** - Handle umiddelbart for å bekjempe klimaendringane og konsekvensane av dem.

**MÅL 15** - Beskytte, gjenopprette og fremje berekraftig bruk av økosystemer, sikre berekraftig skogforvaltning, bekjempe ørken-spreiing, stanse og reversere landforringing samt stanse tap av artsmangfald.



Figur 1: FN sine berekraftsmål vart vedteke i 2015.

## Nasjonale føringar

Hovudmålet i landbruks- og matpolitikken er å halde ved lag eit levande landbruk over heile landet, sikre tilgang til nok og trygg mat til heile befolkninga, og å auke verdiskapinga basert på ei berekraftig forvaltning av landbruket. Riktig bruk av og vern om arealressursane er ein føresetnad for å nå produksjonsmålet. Regjeringa sine ambisjonar for landbruks- og matpolitikken er nedfelt i stortingsmelding nr. 11 «*Endring og utvikling – En fremtidsrettet jordbruksproduksjon*».

I 2015 vedtok Stortinget ein nasjonal jordvernstrategi for å sikre matproduserande areal. Strategien vart sist oppdatert i 2023 med eit mål om å redusere den årlege omdisponeringa av dyrka jord til maksimalt 2000 daa innan

2025. Regjeringa framhevar regional planlegging som eit viktig reiskap for å balansere jordvernet opp mot andre behov. Kommunane har fått ei nøkkelrolle i oppfølging av jordvernmålet.

Stortingsmelding nr. 6 «Verdier i vekst - Konkurransedyktig skog- og trenæring» omtalar regjeringa si politikk for skog- og trenæringa. Viktige tiltak som er nemnd i meldinga er blant anna:

- ▶ Vidareutvikle skogvegsnettet gjennom målretta bruk av tilskot og skogfond.
- ▶ Systematisk utbetring av flaskehalsar som er til hinder for effektiv tømmertransport ved å innføre eigne tilskotsordningar.
- ▶ Stimulere til vidare utbygging og utbetring av tømmerkaier og -terminalar langs kysten.
- ▶ Stimulere til at skogressursane vert teke vare på og vidareutvikla gjennom aktiv skogkultur og planteforedling.
- ▶ Vidareføring av satsinga på bioenergi.
- ▶ Auka kompetansebygging i skogbruket.
- ▶ Teknologi- og produktutvikling som grunnlag for auka konkurransevne i skognæringa.

## Regionale føringar

Fylkesstrategien for landbruket i Møre og Romsdal (2023- 2026) har eit overordna mål om å ha eit verdiskapande og mangfaldig landbruk i heile fylket, basert på berekraftig bruk av lokale ressursar. I strategien er det nemnd følgjande delmål:

- ▶ Auke verdiskapinga frå landbruket.
- ▶ Behalde landbruket sine produksjonsareal gjennom berekraftig bruk og forvaltning. Her er det blant anna sett eit nytt regionalt jordvernmål som seier at maksimalt 100 daa dyrka jord skal omdisponerast årleg.
- ▶ Større foredling av landbruksråvarer.
- ▶ Auke kompetansenivået og innovasjonstakta i landbruksnæringa og forvaltninga.



Bilete 1: Gamalnorsk spælsau på beite på Hole.  
Fotograf: Bjørg Sølvi Frøystad Hole

- ▶ Landbruket skal redusere sine miljø- og klimautslepp og ta vare på miljøverdier i landskap og jordsmonn.
- ▶ Fleire og betre forretningsidear med gardsbruket som utgangspunkt og nye marknader som mål.

## Lokale føringar

Kommuneplanen sin samfunnsdel (2023) er det overordna plandokumentet i det kommunale plansystemet. Planen skal gje retning for utvikling i kommunen. Gjennom overordna målsetjingar, strategiske grep og prioriteringar skal planen legge føringar som styrer utviklinga i ønska retning. Relevante mål er:

- ▶ Sykkylven kommune skal vere ein berekraftig kommune i tråd med FN sine berekraftsmål.
- ▶ Sykkylven kommune skal ha eit berekraftig og mangfaldig næringsliv som tilbyr varierte arbeidsplassar.
- ▶ Sykkylven kommune skal ha ein arealbruk som balanserer behov for utbygging og vern på ein berekraftig måte.

I arealstrategien til samfunnsplanen er det blant anna nemnd at omdisponering av dyrka jord skal reduserast. I alle planprosessar skal det vurderast om eldre unyttta byggeareal er eigna ut frå dagens krav, eller om dei skal førast tilbake til LNF-føremål (landbruk, natur og friluftsliv). Eksisterande byggeareal og infrastruktur skal utnyttast på ein arealeffektiv måte (fortetting).

Andre relevante planar:

- ▶ Klima- og energiplan for Sykkylven
- ▶ Næringsplan for Sykkylven 2021- 2026

## Kommunale landbruksoppgåver

Landbrukskontoret si hovudoppgåve er å jobbe aktivt for å oppretthalde og vidareutvikle landbruksnæringa i kommunen. Arbeidsfeltet er omfattande og består av ei rekke oppgåver, deriblant:

- ▶ Sakshandsaming etter jordlova, konsesjonslova og skogbrukslova.
- ▶ Medverknad i kommunal plan- og reguleringsarbeid.
- ▶ Utsegner til dispensasjonssaker og byggesaker i LNF-område, samt område regulert til landbruk.

- ▶ Sakshandsaming etter forureiningslova, bl.a. «forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav», bakkeplanering og nydyrking.
- ▶ Tilskotsforvaltning, bl.a. produksjonstilskot i jordbruket (PT), regionale miljøtilskot (RMP), tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL), dreneringstilskot, tilskot til organisert beitebruk (OBB), tilskot til tiltak i beiteområde og tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.
- ▶ Forvaltning av velferdsordningane i landbruket, bl.a. tilskot til avløyning ved ferie og fritid, tilskot til avløyning ved sjukdom og tidlegpensjon for jordbrukarar.
- ▶ Næringsutvikling og rettleiing i IBU-saker (midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket). Førstelineteneste for Innovasjon Norge. Samarbeid med Sykkylven næringsutvikling (SNU) og Omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune.
- ▶ Skogfondsaker. Skogplanting og landbruksvegar.
- ▶ Vilt- og fiskeforvaltning.
- ▶ Motorisert ferdsel i utmark.
- ▶ Ajourføring av markslagskartet i Gardskart, samt oppdatering av landbruksregisteret.
- ▶ Arbeid med vasskvalitet og vassdragsdirektivet.
- ▶ Kontroll- og tilsynsoppgåver

Oversikta er ikkje uttømmende. Det er viktig at kommunen har tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse til å utføre desse oppgåvane.




Bilete 2: Jordbrukslandskap. Utsikt mot Brunstad.  
Fotograf: Svein Hjørthol.

# UTVIKLINGSTREKK FOR LANDBRUKET I SYKKYLVEN

Det totale jordbruksarealet i Sykkylven kommune utgjør om lag 14 660 daa (Arealressurskart AR5, årsversjon 2021, NIBIO), av dette er ca. 12 004 daa i aktiv drift (PT 2021). Til samanlikning så var 14 880 daa i drift i 2001. Utviklinga dei siste 20 åra viser ein tydeleg nedgang i aktivt drive jordbruksareal. Brakklegging av marginale areal, nedlegging av gardsbruk, strukturendringar i landbruket og omdisponering av landbruksareal til andre føremål kan nemnast som nokre av årsakene. Utviklinga har likevel vore meir positiv dei siste åra, der nesten 1370 daa jordbruksareal har kome i drift igjen sidan 2013. Oppfølging av driveplikta har spelt ein viktig rolle i dette.

## Naturgrunnlaget



Arealstatistikken er tilskotsbasert og tala kan difor vere noko unøyaktige. Statistikken tek blant anna ikkje omsyn til landbruksdrift som ikkje oppfyll vilkåra for å kunne motta produksjonstilskot. Det kan såleis vere meir areal i drift enn statistikken viser. Statistikken gjev likevel eit godt bilete over den generelle utviklinga i kommunen.

## Visste du at...?




Berre 3 % av Noreg sitt landareal er jordbruksareal. Dette utgjør om lag 2,2 daa jordbruksareal per innbygger. Eit areal som gjev grunnlag for produksjon av ca. 880 kg korn eller 1320 kg gras. Nok til å føre fram 3,5 griser til slaktning, eller om lag ein kvart mjølkeku årleg (NIBIO, 2017). Byvekst har ført til at meir enn 1,2 mill. daa dyrka og dyrkbar jord har blitt byggegrunn sidan 2. verdskrig. Desse jordbruksareala kunne ha produsert nok mat til ca. 400 000 menneske.



## Bruksstruktur

I 2021 var det 70 landbruksføretak som søkte om produksjonstilskot. I 2001 var det 135. Dette tilsvarar ein reduksjonen i tal gardsbruk på 52 %. Figur 4 viser utviklinga i tal gardsbruk sidan år 2001. Dette er ein dramatisk nedgang og ein svært uheldig utvikling fordi færre aktive gardsbruk inneber at verdifulle jordbruksareal går ut av drift. Når eit gardsbruk vert lagt ned, er det som regel berre dei beste areala som vert drive vidare av nabobruka, mens resterande areal inkludert beiteområde ligg brakk. Manglande rekruttering til landbruksnæringa er eit aukande problem over heile landet. Dårlege rammevilkår i landbruket med låg forventa inntekt og svake sosiale ordningar gjer at landbruksyrket ikkje klarer å konkurrere med andre næringar om løns- og arbeidstilhøve. I landbruksmeldinga for Møre og Romsdal er rekruttering nemnt som ei av dei største utfordringane i fylket.



Figur 2: Utvikling i tal gardsbruk og gjennomsnittleg bruksstorleik (Kjelde: Landbruksdirektoratet, søknader om produksjonstilskot)

Gjennomsnittstorleiken på driftseiningane i Sykkylven har auka frå 110 daa til 171 daa i same perioden. Dette er ein auke på 36 %. Det har med andre ord vorte færre, men større bruk. Aukinga har likevel stagnert dei siste åra. Leigejorddelen i Sykkylven utgjør om lag 56 % og trenden er aukande. Dette er utfordrande både økonomisk, agronomisk og miljømessig. Leigejord vert ofte dårlegare skjøtta enn om brukaren hadde eigd jorda sjølv. Årsaka til dette er at det ikkje vert investert like mykje i grøfting, jordarbeiding, gjødsling,


gjerdehald m.m. på areal ein ikkje veit kor lenge ein får disponere. I tillegg er det vanskelegare å gjere større, langsiktige investeringar som bruksutbygging, når det knyter seg uvisse til arealgrunnet framover.

## Husdyrhald


I 2021 var det 62 føretak som dreiv med husdyr. Utvikling i tal gardsbruk med ulike dyreslag er vist i tabell 1. Mjølkeproduksjonen er framleis den viktigaste jordbruksnæringa i kommunen. I 2021 var det 17 føretak som dreiv med mjølkeproduksjon i Sykkylven. Sidan år 2001 er mjølkeproduksjonen i kommunen tydeleg redusert, målt både i tal mjølkekyr og tal mjølkeprodusentar (sjå figur 5). Dei siste 6 åra har kurva likevel flata ut og tal mjølkekyr har auka litt igjen sidan 2013.

Ofte vert mjølkeproduksjonen avslutta i samband med generasjonsskifte på garden. Tolv av 17 mjølkebruk har produksjon i bås fjøs. Dette er 70 %. Lausdriftskravet for storfe, som vil verte innført i 2032, vil medføre store investeringar hos






Figur 3: Utvikling i tal mjølkebruk og tal mjølkekyr 2001- 2021 (Kjelde: Landbruksdirektoratet, søknader om produksjonstilskot).



Figur 4: Utvikling i tal ammekyr og tal føretak med ammekyr 2001 – 2021 (Kjelde: Landbruksdirektoratet, søknader om produksjonstilskot).



Figur 5: Utvikling i tal vinterføra sau og tal føretak med sau 2001 - 2021 (Kjelde: Landbruksdirektoratet, søknader om produksjonstilskot).

gjennomført 7 bruksutbyggingar. Dette omfattar nybygg og oppgradering av eksisterande bygg. Seks av føretaka søkte om tilskot frå Innovasjon Norge. Fleire av saueprodusentane i kommunen driv med utegangarsau (utedrift der dyra ikkje vert haldne i driftsbygning i vinterperioden). Føringsslassar til heilårs utegang er mindre investeringskrevjande og vert difor ofte valt framfor å bygge nye fjøs (dette gjeld spesielt nye saueprodusentar). Ulempa med slike føringsslassar er at dei krev tråkksterke areal, god planlegging og gjødselhandtering for at drifta skal vere vellykka.

Det har elles vore ein auke i tal hestehald i kommunen.

mjølkebruka i Sykkylven. Dette kombinert med låg forventta inntening og god tilgang på anna arbeid påverkar avgjerda om mjølkeproduksjonen skal vidareførast ved generasjonsskifte. Lausdriftskravet kan såleis bidra til mange nedleggingar framover, særleg blant små og mellomstore bruk. Med dagens støtteordningar vil det for mange bønder ikkje vere mogeleg å bygge om til lausdriftsfjøs. Å leige meir areal for å auke produksjonen resulterer ofte i store driftsavstandar, noko som både er dyrt og lite klimavenleg. Med mindre rammevilkåra i landbruket vert endra vil lausdriftskravet kome i direkte i konflikt med Stortinget sitt mål om å ha eit levande landbruk over heile landet. Stort behov for ombygging av driftsapparatet er ei av dei største utfordringane for mjølkeprodusentane i kommunen.

Når det gjeld spesialisert kjøttproduksjon med ammekyr har det vore ei positiv utvikling i dyretalet. Figur 6 viser at tal ammekyr har auka med 24 dyr (31 %) sidan 2001. Produksjonsomfanget er likevel lite samla sett.

I 2021 var det 38 landbruksføretak i Sykkylven som dreiv med kjøttproduksjon på sau. Figur 7 viser at tal saueprodusentar er redusert med 49 % sidan 2001. Låge slakteprisar for sau og lam er truleg hovudårsaka til dette. Den store reduksjonen i tal saueprodusentar flata ut rundt år 2014/2015. Dei siste åra har sauetalet auka litt igjen.

Også i saueproduksjonen er det stor behov for oppgradering av bygningsmasse. I perioden 2012 – 2021 vart det

Tabell 1: Utvikling i tal gardsbruk med ulike dyreslag

	2001		2011		2021	
	Tal dyr	Tal bruk	Tal dyr	Tak bruk	Tal dyr	Tal bruk
Mjølkekyr	481	40	322	20	337	17
Ammekyr	53	16	57	7	77	6
Øvrige storfe	1110	-	703	34	738	28
Vinterföra sau	2981	74	1921	36	2119	39
Avlsgris	1	1	0	0	2	1
Slaktegris	3	1	0	0	7	1
Verpehøner	49	5	25	2	119	5
Mjølkegeiter	99	1	0	0	0	0
Ammegeiter	11	2	6	3	3	1
Hestar	21	16	50	15	66	23


## Bruk av utmarksbeite

Utmarksbeite er ein viktig ressurs for norsk matproduksjon. Vekselbruk mellom inn- og utmark har vore ein uunnverleg del av norsk husdyrhald gjennom tidene – også i Sykkylven. Fôrressursane i utmarka utgjør ein betydeleg del av produksjonsgrunnlaget for mjølke- og kjøttproduksjonen i kommunen. I 2021 beita 606 storfe og 4508 sauer (inkl. lam) i utmarka i fem eller fleire ukar. Figur 8 viser utviklinga i tal husdyr på utmarksbeite over ein periode på 20 år. Diagrammet viser at tal storfe på utmarksbeite har halde seg relativt stabil sidan 2001. Tal sauer på utmarksbeite har derimot vorte

reduisert med 36 % i same perioden. Reduksjon i tal husdyr er svært uheldig for kulturlandskapet ved at det gror igjen. Attgroing reduserer ikkje berre kvaliteten på beitearealet, men er også ein stor trussel mot dyre- og plantelivet. Beitelandskapet er svært artsrik med mange sjeldne artar. Mange soppartar, insekt og fuglar finn leveområdet sitt her. Blir beitedyra borte vil også desse artane forsvinne. Landskapet vil dessutan verte mindre tilgjengeleg, noko som kan ha negativ effekt på opplevingsverdien og reiselivsnæringa.



Bilete 3: Hereford på utmarksbeite.  
Fotograf: Gunnar H. Skogvold




Figur 6: Utvikling i tal husdyr på utmarksbeite (storfe og sau).

Beiteressursane i utmarka har fått ny aktualitet igjen etter at det har vorte større fokus på matberedskapen i Noreg. Å stimulere til auka bruk av utmarksressursane

er eit viktig mål i jordbrukspolitikken og kan bidra til auka dyrevelferd, biodiversitet og lokal økonomi. I Sykkylven har vi mange og store utmarksbeiteareal. Vi manglar likevel kunnskap om kvaliteten på beiteressursane. Hittil har det ikkje vorte gjennomført vegetasjonskartlegging her i kommunen. Vegetasjonskart kan gje nyttig informasjon om vegetasjonstype, beiteverdi og -kapasitet, samt beiteadferd og beitepreferansar. Dette er verdifull informasjon som kan hjelpe oss med å utnytte utmarksressursane endå betre. Mange gode utmarksbeiteareal er under press av auka hytte-utbygging og tilrettelagt ferdsel. Det er viktig å setje større fokus på bruken og verdien av utmarka. Vegetasjonskart kan vere eit viktig verktøy i overordna arealplanlegging.

## Økologisk landbruk

Sykkylven er ein føregangskommune når det gjeld økologisk landbruk. Om lag 15 % av det totale jordbruksarealet i drift er lagt om til økologisk. Dette rangerer oss på første plass blant kommunane i Møre og Romsdal. Økologisk landbruk har ein viktig funksjon som spydspiss for å gjere norsk landbruk meir miljøvenleg og berekraftig. Jordfruktbarheit, artsmangfald, karbonbinding og klimaarbeid er sentrale tema i økologisk landbruk. Regjeringa ønskjer å legge til rette for økologisk produksjon. Aukande etterspurnad etter økologisk mat skal så langt som mogeleg dekkast av norsk produksjon. For økologisk produksjon og forbruk gjeld «Nasjonal strategi for økologisk jordbruk 2018-2030». Figur 7 viser utvikling i økologisk areal i kommunen.



Figur 7: Utvikling økologisk areal, inkludert karens i perioden 2001-2021 (Kjelde: Landbruksdirektoratet, søknader om produksjonstilskot).



Bilete 4: Spiren Andelslandbruk på Tandstad. Fotograf: Tarjei Tandstad.

I 2021 hadde kommunen 1 andelslandbruk, Spiren andelslandbruk. Andelslandbruk er eit langsiktig samarbeid mellom forbrukarar og dei som produserer mat og andre landbruksprodukt. Ansvar, risiko og avling vert delt mellom partane etter avtale for eitt år om gongen. Partane har regelmessig dialog om kva og kor mykje ein skal produsere, basert på kva som er mogleg på garden. Produksjonsplan og budsjett vert vedteke på eit årleg møte/årsmøte. Det er ikkje noko formelt krav som krev at eit andelslandbruk skal vere økologisk, men dei fleste andelslag vel likevel denne driftsforma.

## Bevaringsverdige husdyrraser

Ein bevaringsverdig husdyrrase i Noreg er ein nasjonal rase med ein truga eller kritisk truga populasjonsstorleik. Kriteriane er utarbeida av Norsk genressurscenter i samråd med Genressursutvalet for husdyr. I 2021 var det 6 landbruksføretak i Sykkylven som dreiv med bevaringsverdige husdyr. Fire av føretaka dreiv med bevaringsverdige storferaser, med til saman 25 avlskyr.

## Bygdenæringar

Bygdenæringar er definert som verdiskapande verksemd basert på landbruket sine ressursar utanom ordinær gardsdrift. Slike ressursar kan til dømes vere bygningar, maskinar, utmark eller personressursar. Typiske bygdenæringar i Sykkylven er leigekøyning, snøbrøyting, produksjon og sal av lokal mat og drikke, vedproduksjon, opplevingstilbod, overnatting, Inn på Tunet og sal av jakt og fiske. Det er vanskeleg å seie kor mange arbeidsplassar desse næringane generer, men det er ingen tvil om at bygdenæringane har ein positiv effekt på den lokale verdiskapinga. Leigekøyning og utmarksnæring er dei mest vanlege tilleggsnæringane i Møre og Romsdal. Av dei som driv tilleggsnæring, er det 26 prosent som driv leigekøyning, og 21 prosent som driv ei eller anna form for utmarksnæring. Verdiskaping frå tilleggsnæringar i Sykkylven er målt til ca. 5,6 mill. kroner jamfør NIBIO sin rapport om verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri i Møre og Romsdal, 2022.



Bilete 5: Lokal mat frå Velledalen  
Fotograf: Vibeke Evensen

## REKO- ringen

REKO-ringen i Sykkylven vart etablert i 2019 og i dag er rundt 2477 kundar og 11 matprodusentar frå Sykkylven knytt til ringen.

REKO-ringen er ein salskanal der kjøp og sal av lokal mat går føre seg på Facebook. Produsentane leverer ut bestilte varer på annonsert utleveringsstad, dato og klokkeslett. REKO står for rettferdig konsum og er eit handelsfenomen som vart grunnlagt av Thomas Snellman i Finland i 2013. Den første REKO-ringen i Noreg vart etablert i 2017. Per februar 2022 er det registrert 140 ringer over heile landet.

I Sykkylven er det to gardsbruk som tilbyr Inn på Tunet- tenester (IPT). Inn på tunet er tilrettelagte og kvalitetssikra velferdstenester på gardsbruk. Tenestene skal gi meistring, utvikling og trivsel. Aktiviteten i tenestetilbodet er knytt opp til garden, livet og arbeidet der.

Godkjente gardar tilbyr aktivitetar som gir meningsfylt arbeid, meistring, utvikling og trivsel. Det er mange ulike forskingsrapportar og erfaringar som viser positive effektar av denne typen tiltak: Å bruke dyr i terapi, arbeide med hagebruk og meistring av konkrete oppgåver på garden. Alt dette er med på forbetre kvardagen til dei som får tilbod frå Inn på tunet-gardsbruk. Dei viktigaste brukarane av Inn på tunet er barn- og unge, menneske med rusproblem, funksjonshemma og eldre.


## Gartneri

I kommunen er det eit større gartneri med allsidig produksjon og tilbod om det meste innan grøntsektoren. Næringa representerer eit viktig tilbod til innbygarane i kommunen.

## Verdiskaping og sysselsetting

Verdiskapinga i jordbruket svingar med varierende prisar, endringar i tilskotsordningane, produsert volum, endra driftskostnader, m.m. I 2020 hadde jordbruket i Sykkylven ei brutto verdiskaping på 24,9 millionar kroner, inkludert tilleggsnæringar. Mjølkeproduksjon på storfe er framleis den driftsforma med størst verdiskaping.


Skogbruket hadde ei brutto verdiskaping på rundt 4,9 millionar kroner. Totalt skapa landbruket i Sykkylven brutto verdiar på om lag 29,8 millionar kroner og 52,7 årsverk. Kwart årsverk i landbruket generer ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytane næringar, såkalla indirekte sysselsetting.



Verdiskaping jordbruk, bruttoprodukt, mill. kr


Figur 8: Verdiskapinga for landbruk. Tal frå NIBIO sin rapport nr. 64, 2022 "Verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri i Møre og Romsdal".

I 2021 vart det produsert 2 160 945 liter kumjøl på til saman 17 mjølkebruk i Sykkylven. Ifølgje Opplysningskontoret for meieriprodukt forbruker gjennomsnittsnordmannen om lag 82 liter mjøl, 11 kg yoghurt, 9 kg rømme eller fløte og 20 kg ost i året. Basert på dette dekker mjølkebøndene i Sykkylven årsforbruket til ca. 5562 personer. Sykkylven er dermed 74 % sjølvforsynt med mjøl. Figur 9 viser ein positiv utvikling i mjølkeleveransen i perioden 2011-2021.



Figur 9: Utvikling i mjølkeleveransen (l) i perioden 2011 - 2021 jf. Landbruksdirektoratet sin leveransedatabase.

I 2021 vart det produsert ca. 164 193 kg kjøtt i Sykkylven, av dette var om lag 106 255 kg storfekjøtt, 55 645 kg sauekjøtt, 2 239 kg svinekjøtt og 54 kg geitekjøtt. Ifølgje Animalia et kvar nordmann ca. 54,9 kg kjøtt i året (2021). Raudt kjøtt, inkl. svinekjøtt står for 76 % av kjøttinntaket til nordmenn. Basert på tal frå Animalia produserer bøndene i Sykkylven nok kjøtt til å dekke årsbehovet til om lag 2991 personar. Sykkylven er dermed 40 % sjølvforsynt med kjøtt. Figur 10 viser at kjøttproduksjonen i kommunen har halde seg relativt stabil dei siste 10 åra. Slakteleveransen på geit er ikkje teke med i tabellen pga. ubetydeleg produksjonsomfang.



Figur 10: Utvikling i kjøttleveransen (kg) i perioden 2011 – 2021 jf. Landbruksdirektoratet sin leveransedatabase.

## Skogbruk

Skogbruket i Sykkylven er i vekst etter haustinga av granskogen som vart planta i etterkrigstida. Skogkulturen følgjer etter saman med skogsbilvegbygging.

Tabell 2: Utvikling i skoghogst og planting

År	Hogst i kbm	Planting i tal
2022	126	62700
2021	5208	52750
2020	251	39665
2019	11710	38240
2018	16273	35120
2017	8051	43890
2016	19959	6775

Skogtaksten er utført i 2016 og levert 2017 frå Allskog og gir oss grei informasjon samt at skogeigarane er sertifiserte etter PEFC og har fått miljøregistrert skogane med å sette av 5% av det produktive skogarealet for 10 år til miljøhensyn/nøkkelbiotoper.

Tabell 3 viser nøkkelinformasjon om skogbruket i kommunen.

Tabell 3: Nøkkelinformasjon for skogbruket i Sykkylven (Skogbrukstakst 2017)

Areal	daa	Kubikkmasse	m <sup>3</sup>
<b>Total areal:</b>	345 738	<b>Total kubikkmasse</b>	343 147
<b>Produktivt areal:</b>	25 977	<b>Kubikkmasse, open og lukket hogst</b>	338 025
<b>Skogareal open og lukka hogst</b>	25 422		
<b>Registrert areal med nøkkelbiotopar</b>	777	<b>Volum per daa open og lukka hogst</b>	13,3 m <sup>3</sup> /daa

Tilvekst i open og lukka hogst	m <sup>3</sup>	Produksjonsevne open og lukka hogst	m <sup>3</sup>
<b>Tilvekst hogstklasse 2</b>	157	<b>Produksjonsevne</b>	13 991
<b>Tilvekst hogstklasse 3- 5</b>	13 393	<b>Produksjonsevne per daa</b>	0,55 m <sup>3</sup> /daa
<b>Total tilvekst</b>	13 550		
<b>Gjennomsnittleg tilvekst/dekar</b>	0,53 m <sup>3</sup> /daa		
<b>Gjennomsnittleg tilvekstprosent</b>	4,0 %		

\* alle tal for kubikkmasse er brutto utan bark. Topp, avfall og miljøomsyn vil redusere det nyttbare hogstkvantumet. Fradragene vil normalt vere 10- 15 % i vanlege skogsområde.

Tabell 4: Ståande kubikkmasse i Sykkylven

Treslag	Kubikkmasse arealgruppe open og lukka hogst	Kubikkmasse arealgruppe urørt	Kubikkmasse på uproduktive areal	Sum	Ståande kubikkmasse %
<b>Gran</b>	227 999	133	0	228 132	66,5
<b>Furu</b>	34 724	2 296	0	37 020	10,8
<b>Lauv</b>	75 302	2 693	0	77 995	22,7
<b>Sum</b>	338 025	5 122	0	343 147	
<b>%</b>	98,5	1,5	0		

Tabell 5: Tilvekst i arealgruppe open og lukka hogst fordelt på treslag

Treslag	m <sup>3</sup>	%
<b>Gran</b>	9 646	71,3
<b>Furu</b>	896	6,6
<b>Lauv</b>	2 996	22,1
<b>Sum</b>	13 537	100,0

Oppsummert ser vi at grana utgjer det viktigaste treslaget i kommunen med tanke på tilvekst, areal-avkasting og CO<sub>2</sub> binding, men utgjer ikkje så store areal av den produktive skogsmarka som potensiale er.

### Treslagsval og karbonbinding

I Sykkylven er det særskilt mykje areal med høg produksjonsevne. På mark med høg produksjonsevne gir gran best produksjon blant de norske treslagene. På skogsmark med middels produksjonsevne er det gran som gir størst produksjon og kvalitet, mens furu kan måle seg på tørre rabbar etc., ofte kan blanding av gran og furu være et alternativ på grunne og tørre parti(rabbar). Furu har som regel størst produksjon på mark med lav produksjonsevne.

Høg produksjonsevne: G17-G26 - Granmark

Middels produksjonsevne: G11-G14 -Granmark/Barblanding


Låg produksjonsevne: F8-F11/G11 – Furumark/barblanding

Det er viktig for skogeigar og samfunnet att areala produsere mest volum og kvalitet gitt produksjonsevna til skogsmarka. Det gir mest samfunnsøkonomisk gevinst, samt karbonbinding i trea og seinare materialar. På Sunnmøre har vi fuktig klima noko som gjer att vi har god granmark med supre bonitetar samanlikna med Austlandet som har meir tørt kontinentalt klima. Furu trivast ikkje så godt her og vert kort, krokete med mykje kvist.



## Vilt

Det er registrert 196 000 dekar teljande areal som grunnlag for hjortejakta. Dette er fordelt på 8 storvald. I 2021 vart det tildelt 538 dyr og 472 vart felt.



Figur 11 Fellingsstatistikk hjort (2013-2021)

Sykkylven vilt- og innlandsfiskeremnd har eit interkommunalt samarbeid med kommunane Stranda og Fjord om så lik hjorteforvaltning som mogleg jf. § 4 i forskrift om hjortevilt.

Målsetjingane for hjorteforvaltninga i kommunen er (jf. strategien for forvaltning av hjort):

- å gjennomføre ei bestandsrette hjorteforvaltning.
- å oppretthalde beitekvaliteten i utmarka.
- å redusere skader på innmark og skog.
- Å oppnå ein sunnare hjortestamme.
- å redusere tal viltpåkøyrslar.

## Fiske

Kommunen har 38 vatn med stort og smått med eit samla areal på 8,87 km<sup>2</sup>. Aure finst i dei aller fleste vatna. Fleire av elvane er lakseførande. Fetvassdraget, Aureelva og Ramstaddalseva har utarbeidd driftsplan.



Bilete 6: Sau på utmarksbeite.  
Fotograf: Gunnar H. Skogvold.

# VISJON OG MÅL

## Visjon:


Landbruket i Sykkylven skal vere ei levedyktig og framtidsretta næring basert på god dyrevelferd og lokal ressursutnytting- og foredling.

## Hovudmål:

1. Landbruksnæringa i Sykkylven skal vere attraktiv, lønnsam og berekraftig.
2. Det skal leggest til rette for eit aktivt landbruk i heile kommunen gjennom ein restriktiv arealpolitikk som tek vare på landbruket sine produksjonsareal. Produksjonsareala skal haldast i hevd både ut frå beredskapsomsyn og landskapsmessige omsyn.
3. Sjølvforsyningsgraden skal aukast.
4. Det skal stimulerast til auka bruk av utmarksbeiteareal.
5. Produktive skogsareal skal utnyttast optimalt – innanfor rammene av eit berekraftig skogbruk.

## SWOT- analyse

I arbeidet med landbruksplanen vart det gjennomført fleire møte med næringslaga, samt spørjeundersøking. Basert på tilbakemeldingane vart det laga ein såkalla SWOT- analyse som peikar på styrkar, svakheiter, mogelegheiter og trugslar. Denne er lagt til grunn i val av satsingsområde og tiltaksplan.



- |  |   |   |   |
|--|---|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>• Godt ressursgrunnlag for fôrbasert husdyrhald.</li><li>• God tilgang på utmarksbeiteareal.</li><li>• God driftskompetanse.</li><li>• Aktive faglag.</li><li>• Aktiv stølsdrift.</li><li>• Godt etablert økologisk miljø.</li><li>• Organisert omsetjing av lokale matvarer.</li><li>• Tømmerkai.</li><li>• Godt nettverk av skogsbilvegar.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Sårbar produksjon.</li><li>• Gamal driftsapparat.</li><li>• Liten og sårbar landbruksforvaltning.</li><li>• Stor del leigejord.</li><li>• Manglande gjerdehald mot utmark.</li><li>• Gjengroing av landbruksareal.</li><li>• Høg gjennomsnittsalder/ manglande rekruttering</li><li>• Svak heilskapleg profilering av regionen.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Betre utnytting av utmarksressursane.</li><li>• Betre utnytting av jordbruksareala.</li><li>• Stor interesse for lokalproduisert mat og gardsbaserte opplevingar.</li><li>• Lokalisering.</li><li>• Hjortestamme.</li><li>• God arbeidsmarknad.</li><li>• Stølsdrift.</li></ul> | <ul style="list-style-type: none"><li>• Dårlege rammevilkår og økonomi.</li><li>• Nedbygging av landbruksareal.</li><li>• Hyttebygging.</li><li>• Høge produksjonskostnader og auka import av mat.</li><li>• Manglande veterinærdekning.</li><li>• Lausdrifskravet 2034.</li><li>• Strukturrasjonalisering og færre foredlingsanlegg.</li></ul> |
|--|---|---|---|

## SATSINGSOMRÅDE

Basert på SWOT- analysa, samt overordna føringar har kommunen kome fram til følgjande satsingsområde for landbruket i Sykkylven:

### Jordvern

Dyrka og dyrkbar jord er ein grunnleggjande ressurs for å sikre ei trygg matforsyning til den norske befolkninga. Noreg har lite jordbruksareal, berre 3 % av landarealet er dyrkamark og av dette er det berre 30 % som eignar seg til dyrking av matkorn. Ingen andre land i EU har mindre andel dyrkamark. Det er difor viktig med eit sterkt jordvern.

I 2015 vedtok Stortinget sin første nasjonale jordvernstrategi. I strategien vart det sett eit mål om å redusere den årlege omdisponeringa av dyrka jord til maks. 4000 dekar. I 2023 vart dette jordvernålet skjerpa inn til maks. 2000 daa årleg.

Kommunen spelar ein sentral rolle i arbeidet med å oppfylle målsetjinga i den nasjonale jordvernstrategien. Kommunen har ansvar å sørge for at det vert teke omsyn til jordvern i alt planarbeid etter plan- og bygningslova. I brev frå Landbruks- og matdepartementet og Kommunal og distriktsdepartementet av 08.01.2021 vert det presisert at jordvern er ein viktig del av å nå fleire av berekraftsmåla til FN. I brevet kom departementa med følgjande forventning til kommunen:

*«Bevaring av dyrket mark er en nasjonal interesse. For å oppnå styrket beredskap og matsikkerhet må vi ta vare på jordbrukets produksjonsressurser over hele landet. Vi har tillit til at kommunene følger opp jordvernstrategien og bidrar til å redusere omdisponering av dyrket mark.»*

Som del av landbruksplanen er det utarbeidd eigen jordvernstrategi for Sykkylven (jamfør vedtak PS 57/22 i kommunestyret), som følgjer vedlagt dette dokumentet.



Bilete 7: Geit på jobb som kulturlandskapspleier.  
Fotograf: Mandy Häger.

### Husdyrproduksjon

Mjølkeproduksjon utgjer 68 % av verdiskapinga til jordbruket i Sykkylven kommune. I løpet av dei siste 20 åra har tal mjølkebruk gått ned med 57 %. Lausdriftskravet er ei stor utfordring. Å bygge nytt er ei økonomisk påkjenning. I ei tid der landbruket allereie slit med dårlege økonomiske rammevilkår og manglande rekruttering er lausdriftskravet for mange eit val mellom å investere stort eller å legge ned. Bruksstorleik, tilgang på fôr og spreieareal, samt nedbygging av sentrumsnære jordbruksareal påverkar også bonden sine vegval. Utvikling i næringa gir grunn til bekymring. Rapporten «Jord ute av drift og driveplikt» frå NORSØK (2018) viser ein sterk korrelasjon mellom endring i jordbruksareal og endring i mengde produsert kumjøl. Jo færre mjølkebruk, jo større risiko for at jorda kjem ut av drift. Det er difor viktig å støtte opp under mjølkeprodusentane, både store og små, for å sikre framtidig drift av jordbruks-

areala og verdiskaping basert på lokale naturressursar.

Kjøttproduksjon på storfe skjer i hovudsak på mjølkebruka. Kommunen har nokon få ammekuprodusentar. Desse står ovanfor mange av same utfordringane som mjølkeprodusentane.

Sauenæringa har eit betydeleg utviklingspotensial med omsyn til dei store utmarksressursane kommunen har. Samstundes ser ein at tal sauebruk i drift har gått sterkt tilbake. I 2001 hadde kommunen dobbelt så mange sauebruk som i 2022. Sauebøndene skapar viktige samfunnsmessige verdiar gjennom produksjon av mat og fiber (ull og skinn), samt fellesgoder som kulturlandskap, biologisk mangfald og busetjing. Ein 2/3 del av fôropptaket i utmarka skjer via småfe (sau og geit). Det er difor av avgjerande betyding å

styrke sauenæringa dersom ein ønskjer å oppnå målet om å auke bruken av utmarksressursane.

Marknadssituasjonen for sauekjøtt har vore utfordrande dei siste åra. Sjølv om forbruket av saue- og lammekjøtt har vore relativt stabil, så er det likevel det kjøtslaget vi et minst av. Næringa har i fleire år vore prega av overproduksjon og dårlege slakteprisar. Når ein ser på trenden i samfunnet elles, med auka fokus på miljø og klima er det vanskeleg å forstå kvifor den norske forbrukaren ikkje et meir sauekjøtt. Småfenæringa svarer allereie i dag på mange trendar knytt til lokal ressursbruk. nærleik til produktet, opne kulturlandskap og matsikkerheit i eit klimaperspektiv. Det må jobbast meir med innovasjon og produktutvikling for å auke marknadsmogelegheitene for norsk saue- og lammekjøtt.

## Tiltak

### 1. Fagleg bistand

- Gi bistand til husdyrprodusentar som ønskjer å investere i nybygg eller rehabilitering av fjøs i samband med lausdriftskravet 2032 og nye dyrevelferdskrav frå EU. Informere om byggeprosjektet i regi av Landbruk Nordvest.
- Tilby tilskot i planleggingsfasen for å sikre at avgjerda kring framtidig drift ikkje vert gjort på feil økonomisk grunnlag. Innovasjon Norge har no ei ny ordning der det kan gjevast støtte til ressursavklaring før investering.
- Følgje opp mjølkeprosjektet for Sunnmøre i regi av TINE.
- Bemanninga på landbrukskontoret bør styrkast/ haldast på eit forsvarleg nivå.

### 2. Kompetanse- og nettverksbygging

- Bidra til eit godt fagleg nettverk mellom husdyrprodusentane.
- Bidra til eit godt fagmiljø gjennom tilbod av relevante kurs med fokus på agronomi og driftsleiing.

### 3. Grovfôr

- Stimulere til hyppigare fornying av eng til minst kvart 5. år.
- Stimulere til tiltak mot problemugras i eng og beite. Spesielt lyssiv og knappisv er eit aukande problem i Sykkylven. Siv reduserer fôrkvaliteten og påverkar mjølke- og kjøttproduksjonen på ein negativ måte.

### 4. Veterinær

- Tilby ei stabil veterinærteneste.

### 5. Avløyisar

- Arrangere avløyisarkurs for ungdom (og andre) for å sikre stabil tilgang på avløyisarar gjennom året. Vurdere samarbeid med ungdomsskulen/vgs.

### 6. Beredskap

- Vurdere å utarbeide beredskapsplan for landbruket i kommunen for å ivareta bønder etter brann, ulykke, sjukdom, dødsfall eller andre uventa hendinger på garden.
- Kartlegge utstyr som landbruksnæringa kan hjelpe til med i tilfelle behov.

- Stimulere til beredskapsplanar på gardsnivå.
- Følgje opp Landbruk Nordvest sitt prosjekt «Trygg bonde/Bondens netverk» for å utarbeide eit beredskapsteam som kan knyttast inn mot krisehandteing.

## Rekruttering

Rekruttering til landbruksnæringa er viktig for å oppretthalde eit godt landbruksmiljø. Motivasjonen for å overta eit gardsbruk er avhengig av fleire faktorar, deriblant god lønnsemd i produksjonen, gode rammevilkår og eit godt fagmiljø rundt seg. I landbruksmeldinga for Møre og Romsdal er rekruttering nemnd som eit av dei største utfordringane for landbruket i fylket. Av tiltak for å betre rekrutteringssituasjonen vert det blant anna nemnd meir fokus på omdømmebygging, betre rådgjeving i samband med eigarskifte, strategisk bruk av investeringsmidlar, mentorordning og informasjonsarbeid mot ungdom.

Også i Sykkylven er det ein klar tendens at tal aktive gardbrukarar går ned. I tillegg er gjennomsnittsalderen blant produsentane høg. Dersom den negative trenden i landbruket i Sykkylven skal snuast må alle jobbe mot eit felles mål. Både kommunen, faglaga og bøndene sjølv har eit ansvar for å framsnakke bondeyrket og å motivere den yngre generasjonen. Det må skapast ein felles forståing for at landbruket i Sykkylven er ei viktig næring. Det må byggast ein felles lokal identitet og ein stoltheit som går på tvers av driftsformene.

### Tiltak

#### 1. Omdømmebygging

- Utarbeide felles kommunikasjonsstrategi. Kommunen skal bistå næringa med å skape eit positivt omdømme ved å synleggjere gode rollemodellar.
- Etablere dialogforum/samarbeidsråd mellom landbrukskontoret og landbruksnæringa for å drøfte ulike problemstillingar og oppfølging av landbruksplanen.
- Aktivt bidra til å etablere dialog og møteplassar mellom landbruksnæringa , øvrig næringsliv i kommunen og nabokommunane.
- Arrangere gardsbesøk for lokalpolitikarar ein gong kvart år.
- Gjennomføre besøk og aktivitetar retta mot skular og barnehagar.

#### 2. Informasjonsarbeid

- Arrangere årlege informasjonsmøte for nye bønder.
- Lage brosjyre for nye og unge bønder med generell informasjon om landbruket i kommunen, landbruksfaglege instansar og organisasjonar, samt nytting informasjon om generasjonsskifte.
- Arrangere inspirasjonsseminar om grønt entreprenørskap og mogelegheitene i landbruket i samarbeid med Sykkylven næringsutvikling.
- Vurdere samarbeid med ungdomsskulen/vgs.

#### 3. Fornyng av driftsapparatet

- Bistand og rådgjeving ved søknader til Innovasjon Norge.
- Arrangere kurs om byggtknisk planlegging. Orienterer om regelverk og tilskotsordningar.



Bilete 8: Brunstadsetra  
Fotograf: Svein Hjorthol

## Utmarksbeite

Kommunen har eit mål om å stimulere til auka bruk av utmarksbeiteareal. Utmarka utgjer ein viktig fôrressurs som ikkje kan nyttiggjerast på andre måte enn beitedyr. Bruk av utmarksbeite frigjer gardsnære landbruksareal til produksjon av vinterfôr og er dermed med på å auke den nasjonale matberedskapen. I tillegg bidreg beitebruken til vedlikehald av eit ope og artsrikt kulturlandskap, samt karbonbinding. Utvikling over dei siste 20 åra viser at tal dyr på utmarksbeite i Sykkylven har gått ned, dette gjeld spesielt for sau. Dette har medført at gjengroing av kulturlandskapet har vorte meir synleg og at artsrike område er i ferd med å gå tapt.

I tillegg er det ein aukande interessekonflikt rundt bruken av utmarka. Utstrakt hyttebygging, fritidsbruk, laushundar, manglande gjerde mot utmark og inngjerding av hytte-tomter er blant faktorane som fører med seg

utfordringar for beitenæringa. Kommunen har registrert at gjerdeføresegnene på fjellet og bandtvangreglane i alt for stor grad ikkje vert respekterte, noko som har resultert i skader og dyretap fleire år på rad.

God utnytting av utmarksbeiteareala krev kunnskap og god organisering. Kommunen har eit veldrive beitelag, men også her ser ein at tal medlemar går ned. God utmarksbeitebruk krev infrastruktur som sankekkever, bruer, oppsynshytter og ikkje minst gjerde. Det er mykje vedlikehaldsarbeid som kjem i tillegg til jobb med tilsyn og sanking. Samarbeid er difor ein viktig nøkkelfaktor dersom ein skal lykkast med å auke bruken av utmark.

### Tiltak

#### 1. Gjerdeproblematikk

- Kartlegge gjerdesituasjonen mot utmark og problemområde. Kommunen må verte flinkare til å følge opp sin eigen gjerdeplikt.
- Føre auka tilsyn med gjerdeføresegnene på fjellet (Nysæterområdet).
- Prioritere tilskotsmidlar slik at dei aukar bruken av utmarksbeite (t.d. istandsetjing av gjerde mot utmark, GPS-bjøller, NoFence og anna teknologi).

#### 2. Beitebruksplan og vegetasjonskartlegging

- Utarbeide beitebruksplan for å minske interessekonfliktane i utmarka, og samtidig legge til rette for auka beitebruk og sameksistens mellom brukargruppene.
- Jobbe for å få gjennomført vegetasjonskartlegging av beiteområda i kommunen. Dette er viktig for å få synleggjort verdien av beiteressursane og for å auke kunnskapen rundt beitekapasitet og optimal bruk av utmarka.

### 3. Laushundar

- Betre informasjon om bandtvangsreglane til innbyggjarane. Dialog med politiet om oppfølging av bandtvangen i politivedtekta.
- Skilting om bandtvang i samarbeid med dei lokale bondeorganisasjonane.

### 4. Seterdrift

- Stimulere til aktiv drift på setrene. Jobbe målretta mot tiltak knytt til drift og vedlikehald av setrene.

### 5. Hytteområde

- Ved regulering av nye hytteområde bør konsekvensane for naturmangfaldet og beiteressursane utgreiast. Hyttebygging er ein irreversibel handling som kan gje utfordringar for beitebruken. Det er per i dag ingen krav om konsekvensutgreiing med omsyn til hytteutbygginga sin påverknad på beiteressursane. Det er mykje opp til kommunal planmynde om dette vert gjort eller ikkje.

## Lokal mat og bygdenæringar

Det er eit mål å styrke det tradisjonelle landbruket i kommunen på best mogeleg måte. Samtidig er det viktig å legge til rette for å kunne utvikle nye verksemd i tilknytning til den tradisjonelle drifta. Det er mange sider ved landbruket. Landbruket forvaltar miljø- og kulturverdiar av stor samfunnsmessig betydning. Næringa har areal, bygningar, dyr og kompetanse som byr på store mogelegheiter og kan bidra til at Sykkylven kan verte meir enn berre ei gjennomfartsåre. Tilbod av lokal mat og drikke, og gardsbaserte opplevingar kan få folk til å stoppe opp. Landbruket er såleis ein viktig del av kommunen sitt potensial til å utvikle bygda til ein vital reiselivsdestinasjon.

Turisten i dag ønskjer å kome tett på lokal kultur, folk og natur.

Det har blitt meir populært med reiselivsprodukt som er ekte, sunne og berekraftige. Sykkylven har fleire bønder som har satsa innan lokalmat og gardsbaserte aktivitetar. Ein har likevel ikkje lykkast med å bygge opp ein felles identitet og merkevare. For å utnytte turistpotensialet er det viktig med tett samarbeid og dialog mellom reiselivsnæringa og landbruket i regionen.

I tillegg har kommunen eit av dei største økologiske miljøa i fylket, samt fleire sætre som framleis er i aktiv drift. Her ligg det ein stor mogelegheit. Vidareforedling av primærproduksjonen fører til større verdiskaping og sysselsetjing lokalt, samtidig som det kan skape ringverknader i form av større og meir positive produsentmiljø.

## Tiltak

### 1. Samarbeid

- Jobbe for ein meir heilskapleg profilering av regionen. Styrke samarbeidet mellom kommunen, tilbydarane, Sykkylven næringsutvikling (SNU) og Omstillingsprogrammet i kommunen, og reiselivsnæringa.
- Undersøkje interessa for å etablere ein felles merkevare for landbruksrelaterte reiselivstilbod (lokal mat og drikke, gardsturisme og liknande).



## 2. Kompetanseheving og nettverksbygging

- Gjennomføre kurs/møter med fokus på etablering av bygdenæringar (t.d. gardsturisme, Inn på Tunet, lokal vidareforedling, merkevarebygging, reglar, tilskot og liknande).
- Bistand og rådgjeving ved søknader til Innovasjon Norge.

## 3. Økologisk landbruk

- Stimulere til økologisk drift og andre driftsformer som reduserer miljøbelastninga. Jobbe for å oppretthalde økomiljøet i kommunen.

## 4. Inn på Tunet

- Jobbe for stabile og langsiktige IPT- avtaler mellom tilbydarar og brukargrupper.



Bilete 8 Markhumle  
Fotograf: Mandy Häger

## Miljø og klima

Landbruket løyser mange viktige samfunnsoppgåver som matsikkerheit, busetjing og verdiskaping over heile landet. Samstundes kan landbruket også vere ein kjelde til miljømessige utfordringar. Avrenning av jord og utvasking av næringsstoff til vassdrag er blant dei største miljøutfordringane i landbruket. Tiltak for å hindre landbruksforureining til vassdraga våre er ein sentral del av arbeidet med å følgje opp vassforskrifta og EU sitt rammedirektiv for vatn.

Tap av biologisk mangfald er ei anna utfordring. Mykje av naturen rundt oss er eit resultat av langvarig og kontinuerleg drift. Mange artar og naturtypar er avhengige av tradisjonell landbruksdrift som beiting, brenning og slått med hjå eller tohjulstraktor. Gamle, tradisjonelle slåtteenger er blant våre mest artsrike naturtypar. Her kan ein finne

mellom 20 - 50 planteartar per kvadratmeter og eit rikt mangfald av insekt. Eit rikt biologisk mangfald er ei føresetnad for å kunne dyrke

mat no og i framtida. Pollinerande insekt gjer ein viktig innsats for matproduksjonen. Opp mot 1/3 del av maten vi et er direkte eller indirekte avhengig av bestøving frå humler og bier. Denne innsatsen er berekna til å utgjere ein årleg verdi på rundt 1300 milliardar norske kroner på verdsbasis.

God matjord er proppfull av organismar som alle spelar ein viktig rolle for å oppretthalde jorda si fruktbarheit og produktivitet. Måten vi driv jorda på vil ha innverknad på jordstrukturen, på jordlivet og på innhaldet av organisk materiale i jorda. Undersøkingar viser at 1/3 del av verdas jordbruksareal er middels til alvorleg forringa pga. erosjon, forureining,

saltopphoping, jordpakking, nedbygging, ørkenspreiing m.m. Dette gjer det endå viktigare å ta vare på dei jordressursane vi har.

Sortsmangfaldet i jordbruket har gått sterkt ned dei siste 100 åra. Det genetiske mangfaldet av planter og dyr er avgjerande for landbruket og nye generasjonar sin moglegheit til å utvikle nye sortar og tilpasse seg matproduksjonen til endra klima og vêrtilhøve.

I 2021 sto jordbruket for 9,4 % av dei totala klimautsleppa i Noreg. Utsleppa gjeld først og fremst metan og lystgass. Mesteparten av metanutsleppet vert knytt til dyra sin

fordøying. Resten kjem frå lagring av husdyrgjødsel. Lystgassutsleppet vert i stor grad knytt til spreieing av husdyr- og kunstgjødsel. Storleiken på utsleppa vert blant anna påverka av spreietidspunkt, jordarbeiding og dreneringsgrad. I tillegg kjem lystgassutsleppet frå oppdyrka myrområde, lagring av husdyrgjødsel og nedbryting av organisk materiale i jorda. Husdyrproduksjonen er sjølvne berejvelken til landbruket i kommunen og utgjer størsteparten av verdiskapinga, ved produksjon av mjølk, storfe- og sauekjøt. Tiltak for å redusere utsleppa frå husdyrproduksjonen vil vere ein viktig del i arbeidet med å gjere landbruket i kommunen meir klimavenleg.

#### Tiltak

##### Vassdrag

- Følgje opp målsetjingar og tiltak for Nordre Sunnmøre vassregion.
- Bevisstgjerjing rundt kantsonar langs vassdrag. Tilskot til etablering og skjøtsel.
- Dispensasjon frå spreietidspunkt etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav bør berre gjevast unntaksvis og ikkje lengre enn 15. september. Dispensasjon bør berre gjevast dersom ver- og veksttilhøve ligg til rette for det. Det bør setjast vilkår om avstands-krav til vassdrag. Gjengangere som søkjer om utsett spreiefrist må følgjast opp i høve forskrifta sitt krav om tilstrekkeleg lagerkapasitet.
- Stimulere til utbetring av hydrotekniske anlegg og miljøvenleg spreieing av husdyrgjødsel.

##### Biomangfald

- Betre informasjon om naturmangfald til kommunen sine innbyggjarar.
- Stimulere til etablering av pollinatorvenlege kantsonar/pollinatorvenleg slått.
- Arrangere kurs i skjøtsel av artsrike slåtteenger og beitemark.
- Unngå sprøyting av areal som er artsrike og i nærleiken av vassdrag.
- Stimulere til fleire gardsdammar.
- Betre informasjon om framande arter med høg økologisk risiko. Setje i verk tiltak for hindre spreieing av slike arter i samarbeid med grunneigarar og frivillige organisasjonar.
- Kartlegge aktuelle restaureringsområde.

##### Klima

- Følgje opp målsetjingar og tiltak i kommunen sin klima- og energiplan.
- Stimulere til god drenering av jordbruksareal.
- Arbeide aktivt for at landbruket sin klimakalkulator vert teke i bruk. Orienterer om støtteordningar til klimarådgeving.
- Informere om biogassanlegg for husdyrgjødsel som eit godt klimatiltak.

##### Anna

- Aktiv bruk av støtte- og tilskotsordningar (SMIL, RMP, NMSK, osv.) for å sikre aktiv og god skjøtsel av landbrukslandskapet med spesiell fokus på punkta nemnd ovanfor.

## Skogbruk

Føresetnader for å kunne drive skogbruket i kommunen:

- Gode areal med skogressursar for å hauste og tømmerkjøparar

- Skogsbilveggar og lunneplassar
- Tømmerkai for utskipping
- Skogfagleg kompetanse og rådgiving i kommunen
- Skogbrukslov med forskrifter

#### Tiltak

##### Optimal forvaltning av granskogen i haustingsfase:

- Ikkje avverke skogen for tidleg. Dette gir dårlegare arealavkastning og CO<sub>2</sub>- binding.
- Unngå å avverke meir enn 10 000 m<sup>3</sup> i snitt per år for 10 år som tilveksten, samla 100 000 m<sup>3</sup>.
- Årleg rullering av tilskotssatsar m.m. for NMSK og LUF retningsliner for skogbruket. Interkommunalt samarbeid for indre Sunnmøre skogdistrikt.
- Forynge/plante til avverka areal tett for best arealavkastning og CO<sub>2</sub>- binding. Foryngingsplikt, tilskot for planting og for tettare planting.
- Stelle plantefelta og ungsbogen. Verkemedel er tilskott og pådrivar.

##### Infrastruktur

- Planlegge infrastruktur som skogsbilveg før avverking og hausting av verdiane.

##### Treslagsskifte

- I Sykkylven er det mykje lauvskog som ikkje produsere nemneverdige verdjar og co2 binding på god granmark. Det vert stimulert til skifte av treslag med gode tilskott for planting samt hogsttilskott per m<sup>3</sup> lauvvirke.

## Vedlegg

- Jordvernstrategi for Sykkylven kommune
- Kjerneområde landbruk, rapport med kart
- Tiltaksstrategi for tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)
- Tiltaksstrategi for tilskot til tiltak i beiteområde

## Fotokreditering

### *Framsida:*

- *Ringblomst, fotograf: Mandy Häger*
- *Sau på beite i Ramstaddalen, Odd Inge Riksheim*
- *Frilandsgriser i Velledalen, fotograf: Toregarden Naturfarm/Vibeke Evensen*
- *Grønsaker frå Velledalen, fotograf: Toregarden Naturfarm/Vibeke Evensen*
- *Sau på beite ved Drabløsstølen, fotograf: Bjarne Sigurd Drabløs*
- *NRF-ku i lausdriftsfjøs på Haugseth, fotograf: Mandy Häger*
- *Vestlandsk fjordfe i Velledalen, fotograf: Mandy Häger*

### *Innholdsliste:*

- *Gulrøtter, fotograf: Mandy Häger*

### *Side 2:*

- *Geiter på beite ved Tuvatnet, fotograf: Mandy Häger*